

---

Saknr: 2020/45561-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - del 2», innan 21.09.2020.
2. I tilbakemeldinga for punkt 1 må det gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift.

### Samandrag

Forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2» har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve på bakgrunn av av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 06.03.2018. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den tredje oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Oppfølging av handlingsplan forvaltningsrevisjon - forretningsdrift i vidaregåande skular del 2

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 08/2018 i møte 06.03.2018:

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

1. *Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.*
2. *Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.*
3. *Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.*
4. *Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.*
5. *Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:*
  - a) *korleis forretningsdrift skal bli budsjettert*
  - b) *kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert*
  - c) *første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for*
  - d) *riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva*
  - e) *eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering*
  - f) *rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.*
6. *Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.*
7. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

**Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve der det i møte i kontrollutvalet 02.09.2019 vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringpunkta etter forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - del 2», som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
2. *Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringpunkta i forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - del 2» er ivareteke i den nye fylkeskommunen. I denne tilbakemeldinga må det også gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

*«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»*

### **Vurderingar og verknader**

Sekretariatet har motteke notat dagsett 27.04.2019 frå fylkesrådmannen med status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Vi har merka oss at punkt 3 og 4 i handlingsplanen er ferdig gjennomført medan punkta 1, 2, 5 og 6 i hovudsak er planlagt gjennomført ferdig i 2. kvartal 2020.

Vi har også denne gongen merka oss at det står lite konkret i tilbakemeldinga om det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift i vidaregåande skular.

Kontrollutvalet bør be fylkesrådmannen om å komme med ny skriftleg tilbakemelding innan 21.09.2020 på korleis status er på dei gjenståande forbetningspunkta.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 i handlingsplanen innan 21.09.2020. I dette ligg det også at i tilbakemeldinga for punkt 1 må det gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift.